


# Årsrapport 2024

## Hardangervidda Fjelloppsyn



# **FJELLOPPSYNET er oppretta med heimel i Fjellova og har sitt hovudvirke på statsallmenningane. Fjelloppsynet skal:**

- Forebygge miljøkriminalitet og bidra til at offentlegretslege reglar blir helde.
- Drive informasjon, tilrettelegging, skjøtsel, naturovervaking/registrering og kontroll. Fjelloppsynet skal prioritere forebyggande verksemd.
- Sjå til at grunneigar og rettshavar sine privatrettslege reglar blir helde.
- Medverke til ein berekraftig bruk av statsallmenningane og sikre viktige lokale og nasjonale samfunnsinteresser i områder der staten som grunneigar har eit spesielt ansvar.

(Jmf. instruks for fjelloppsyn godkjent av Statskog SF og gitt i samråd med Statens naturoppsyn og Politiet)

Fjelloppsynet er tildelt begrensa politimyndighet og samarbeider med Politiet, Statens naturoppsyn, Statskog SF og vernemyndighetene.

## **Hardangervidda Fjelloppsyn**

Fjellstyna på Hardangervidda as (FH)

Hovudkontor:

Øvre Skeie 12, 5730 Ulvik

Tlf: 949 78 534

E-post: [hardangervidda.fjelloppsyn@fjellstyrene.no](mailto:hardangervidda.fjelloppsyn@fjellstyrene.no)

Heimeside: [www.hardangervidda-fjellstyna.no](http://www.hardangervidda-fjellstyna.no)

## **Forord**

I årsmeldinga ynskjer me å gi ei kortfatta oversikt over aktiviteten til Hardangervidda Fjelloppsyn i 2024.

Fjelloppsynet er ei allsidig verksemder kjerneoppgåver er oppsyn, informasjon og ulike former for skjøtsel. Vidare bistår fjelloppsynet fjellstyra med å halde i stand fjellstyrehusværa i statsallmenningane og deltek i skjøtselstiltakt for forvaltning av vilt og fisk. Dagleg drift av fjellstyrekontor er sentrale gjeremål for dei tilsette i fjelloppsynet. Fjelloppsynet bistår også forskings- og forvaltningsinstitusjonar med innsamling av naturfaglege data. Samla aktivitet utgjorde 4 årsverk i 2024.

Arbeidet til fjelloppsynet er finansiert av fjellkassene til fjellstyra på Hardangervidda og statlege midlar over Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett gjennom Statskog SF si refusjonsordning for arbeid i statsallmenningar. Vidare er det tilført middel frå Klima og miljøverndepartementet sitt budsjett gjennom tenestekjøpsavtaler med Statens naturopsyn. Det er vidare utført arbeid for Eidfjord kommune og Norsk institutt for vannforskning. Hardangervidda Fjelloppsyn hadde også arbeidsgjevaransvaret i sommarsesongen for ein prosjektmedarbeider for «Villreinfjellet som verdiskapar - Tinnhølvegen».

Fjelloppsynet er tildelt avgrensa politimyndigheit innan miljølovverka i Søraust- og Vest politidistrikt og samarbeider tett med Politiet og Statens naturopsyn.

Me vil takke oppdragsgjevarane og andre kontaktar for samarbeidet i året som har gått.

Februar, 2025

Ole Rune Røkenes  
Dagleg leiar

# Innhold

<b>1. Oppsynsarbeid .....</b>	<b>5</b>
1.1 Jakt .....	5
1.2 Fiske .....	5
1.3 Motorferdsel .....	5
1.4 Reaksjonsstatistikk .....	6
1.5 Kulturminner .....	7
1.6 Naturvernområder .....	7
<b>2. Fjellredningsarbeid .....</b>	<b>7</b>
<b>3. Informasjonsarbeid .....</b>	<b>7</b>
3.1 Generelt .....	7
3.2 Villreinen som verdiskapar -Tinnhølvegen .....	7
3.3 Heimeside .....	8
<b>4. Rekrutteringsarbeid .....</b>	<b>8</b>
4.1 Generelt .....	8
4.2 Ny tilsett .....	8
<b>5. Registreringsarbeid .....</b>	<b>8</b>
5.1 Registrering av villrein – Rv 7 .....	8
5.2 Strukturtelling av villrein .....	9
5.3 Registrering av aktivitet på fjellrevhi m.m. ....	9
5.4 Tilsyn med foringsautomatar for fjellrev .....	9
5.5 Vatnprøver .....	9
5.6 Rovviltkontaktarbeid .....	9
5.7 Registrering av jerv .....	9
5.8 Databaser for naturfaglige registreringar og registreringar i verneområder. ....	10
<b>6. Skjøtselsarbeid .....</b>	<b>10</b>
6.1 Skilting .....	10
6.2 Renovasjon .....	10
6.3 Skjøtselsarbeidet for fjellstyra .....	10
<b>7. Sekretariat .....</b>	<b>11</b>
<b>8. Organisasjonen .....</b>	<b>11</b>
8.1 Generalforsamling .....	11
8.2 Styre .....	11
8.3 Tilsette .....	11
<b>Vedlegg 1 Totaloversikt over utført arbeid .....</b>	<b>12</b>
<b>Vedlegg 2. Spesifikasjon av arbeid for fjellstyra .....</b>	<b>12</b>
Arbeid for Røldal fjellstyre .....	12
Arbeid for Ulvik fjellstyre .....	13
Arbeid for Ullensvang fjellstyre .....	15
Arbeid for Øvre Numedal fjellstyre .....	15
Arbeid for Rauland fjellstyre .....	17
Arbeid for Eidfjord fjellstyre .....	18
<b>Vedlegg 3. Spesifikasjon av arbeid for Statens naturoppsyn .....</b>	<b>20</b>

# 1. Oppsynsarbeid

## 1.1 Jakt

### Villreinjakt

Tilsette i Hardangervidda Fjelloppsyn har hatt høg aktivitet under villreinjakta på Hardangervidda i 2024. Arbeidet var samordna med Politiet og Statens naturopsyn. Det er laga ein særskild rapport for villreinjaktoppsynet. Ved sidan av ordinært kontroll- og informasjonsarbeid, var det fokus på rettleiing av jegerane om prøvetaking frå felte dyr for undersøking av CWD-sjukdom. Fjelloppsynet bisto også med innsamling av kjevar frå villrein under jakta. Villreinjakta føregjekk frå 20.08 til 22.09.



Reinsflokk nordaust for Ureskar, Vinje. Foto: HF



Oppsyn under villreinjakta. Foto: HF

### Småviltjakt

I 2024 var det rypejakt i alle statsallmenningane på Hardangervidda. Det vart utført kontrollar av oppsynspatruljane i det samordna villreinjaktoppsynet og også særskilte kontrollar som fjelloppsynet utførte. Jakt på anna småvilt er også tillete, men synast å ha eit lite omfang.

## 1.2 Fiske

Fjelloppsynet har kontrollert fiske med stong og garn. Fjelloppsynet møter fiskarar på ulike deler av vidda og fiskekort blir kontrollert. I 2024 var det sett av særskild tid til kontrollar i storparten av statsallmenningane.

## 1.3 Motorferdsel

Fjelloppsynet har delteke på særskilde kontrollar retta mot motorferdsel i utmark. Aktiviteten har vore både vinter- og sommartid. I 2024 føregjekk kontrollane i Nore og Uvdal, Eidfjord og Ullensvang. Sommarstid er det gjennomført kontrollar med bilar og traktorar i og utanfor nasjonalparken ved Tinnhølen og etter godkjende sleper i Nore og Uvdal, Eidfjord og Ullensvang.



Foto: HF, Ole Rune Røkenes

## 1.4 Reaksjonsstatistikk

Tabell 1. Antall kontrollerte

	Antall kontrollerte							
	2024	2023	2022	2021	2020	2019	2018	2017
Motorferdsel	<b>114</b>	62	75	78	139	111	64	95
Småviltjegerar	<b>10</b>	16	32	37	23	26	11	5
Storviltjegerar	<b>58</b>	70	101	67	78	79	59	103
Fiskarar	<b>25</b>	103	63	46	65	24	11	21
Vernereglar	<b>9</b>	7	5	1	6	3	5	18
<b>SUM</b>	<b>216</b>	258	276	229	311	243	150	242

Tabell 2. Antall advarslar og anmeldelsar

Tema	Antall advarslar					Antall anmeldelsar				
	2024	2023	2022	2021	2020	2024	2023	2022	2021	2020
Motorferdsel	<b>4</b>	1	4		6	<b>4</b>	9	5	9	7
Småviltjegerar	<b>2</b>		2	1	1		2			1
Storviltjegerar	<b>8</b>	1	6			<b>8</b>	7	4	1	1
Fiskarar		2		3	6		2	2		2
Bandtvang	<b>1</b>	3	3		1					1
Vernereglar		9	3	1		<b>1</b>	1	1		1
<b>SUM</b>	<b>15</b>	16	18	5	14	<b>13</b>	21	12	10	13

## **1.5 Kulturminne**

Fjelloppsynet har i 2024 utført arbeid i felt med registrering av kulturminnner. Fjelloppsynet har helde generelt tilsyn med kulturminnner i nasjonalparken.

## **1.6 Naturvernombord**

Fjelloppsynet har helde oppsyn med at vernereglane blir fylgd for Hardangervidda nasjonalpark, deler av Hallingskarvet nasjonalpark samt tre landskapsvernombord.

Tabell 3. Naturvernombord der Hardangervidda Fjelloppsyn har utført arbeid i 2024

<b>Verneområder i Vestland, Buskerud og Telemark:</b>	<b>Kommunar</b>
<i>Hardangervidda nasjonalpark</i>	<i>Vinje og Tinn</i>
<i>Møsvatn Austfjell landskapsvernombord</i>	<i>Vinje og Tinn</i>
<b>Verneområder i Vestland</b>	<b>Kommunar</b>
<i>Hardangervidda nasjonalpark</i>	<i>Eid fjord, Ullensvang, Røldal, Øvre Numedal</i>
<i>Hallingskarvet nasjonalpark</i>	<i>Ulvik</i>
<i>Skaupsjøen-Hardangerjøkulen landskapsvernombord</i>	<i>Eid fjord og Ulvik</i>
<b>Verneområder i Buskerud</b>	<b>Kommunar</b>
<i>Hardangervidda nasjonalpark</i>	<i>Hol, Nore og Uvdal</i>
<i>Skaupsjøen-Hardangerjøkulen landskapsvernombord</i>	<i>Hol, Nore og Uvdal</i>

## **2. Fjellredningsarbeid**

Fjelloppsynet har ikkje delteke i fjellredningsarbeid i 2024.

## **3. Informasjonsarbeid**

### **3.1 Generelt**

Der er ei prioritert oppgåve for fjelloppsynet å formidle informasjon til publikum. Samla er det i 2024 gjeve informasjon til 1304 personar i samband med feltaktiviteten til fjelloppsynet. I den daglege drifta av fjellstyrekontor er det også gjeve informasjon til eit stort tal personar, men dette er ikkje talfesta.

### **3.2 Villreinfjellet som verdiskapar – Tinnhølvegen**

Selskapet hadde arbeidsgjevaransvaret for ein medarbeider knytt til prosjektet «Villreinfjellet som verdiskapar- Tinnhølvegen». Eit sentralt gjeremål var å gje informasjon til besøkande ved Tinnhølen og etter Tinnhølvegen. Medarbeidaren utførte også oppsynsarbeid. Arbeidet pågjekk frå sist i juni til i midten av september. Samla vart det gjeve informasjon til 919 personar frå fjellstyrehytta ved Tinnhølen. Av dette 393 utlendingar.



Lotte Sagerud har drive oppsyn og informasjonsarbeid frå Tinnhølenhytta. Foto: HF, Ole Rune Røkenes

### **3.3 Heimeside**

Fjelloppsynet har ajourført heimesida til Fjellstyra på Hardangervidda as (FH). Der har det vore kontaktinformasjon og diverse informasjon frå fjellstyra. Heimesida vert nytta for å gi informasjon til brukarane av dei ulike statsallmenningane samt offentleggjera møtebøker m.m.

## **4. Rekrutteringsarbeid**

### **4.1 Generelt**

I den daglege drifta av fjellstyrekontora arbeider dei tilsette i fjelloppsynet med tiltak for å rekruttere ungdom til jakt og fiske.

### **4.2 Ny tilsett**

Steinar Lund takka av etter sju år i selskapet. Eirik Vetrhus Dørheim tok over som fjelloppsyn for Ullensvang og Røldal fjellstyre. Eirik byrja i stillinga 1. juni.

## **5. Registreringsarbeid**

### **5.1 Registrering av villrein – Rv 7**

Tilsette i Fjelloppsynet var i beredskap for å halde oversikt over villreinen sine rørsler i høve til Rv 7. Personellet skulle om mogeleg hindre villrein å krysse vegen grunna ynskje om å hindra utveksling pga CWD-situasjonen. Feltaktiviteten var liten i 2024.

## **5.2 Strukturteiling av villrein**

Fjelloppsynet deltok ikkje med mannskap i samband med strukturteilinga i 2024.

## **5.3 Registrering av aktivitet på fjellrevhi m.m**

Det vart gjennomført vinterkontroll og sommarkontroll av hi i same områda som det er foringsautomatar i Eidfjord, Ullensvang og Vinje og på ein del andre utvalde lokalitetar. Antal ynglingar med talfesting av kvelpar vart registrert. Det vart registrert 11 ynglingar med til saman 54 kvalpar på heile Hardangervidda.

## **5.4 Tilsyn med foringsautomatar for fjellrev**

Det er halde månadleg tilsyn med foringsautomatar for fjellrev i Vinje, Eidfjord og Ullensvang. Det er etterfylt med før og viltkamera på automatane er fylgd opp.



Fjellrevkvalpar. Foto: Ole Rune Røkenes, HF



## **5.5 Vatnprøver**

Det er månadleg henta vatnprøvar frå Numedalslågen, Smådøl og Bjoreio (etter avtale med Norsk institutt for vannforskning). Det er òg henta vassprøver frå 5 lokalitetar i Eidfjord statsallmenning, nord for Rv. 7. Dette var Svartavasstjørnet, Svartavatnet, "Krobu-bekk" og Drageidfjorden.

Innhenting av vatnprøvar frå Numedalslågen.  
Foto: Sten-Rune Jensen, HF

## **5.6 Rovvilkontaktarbeid**

Ein tilsett i fjelloppsynet har vore rovvilkontakt i Hardanger. Det har vore høg aktivitet gjennom året med dokumentasjon av rovviltskadar på sau. Arbeidet har også vore knytta til jerveaktivitet i sørlege delar av Hardangervidda.

## **5.7 Registrering av jerv**

Personellet i fjelloppsynet registerer rutinemessige jervespor i samband med feltaktivitet vinterstid.

## **5.8 Databasar for naturfaglege registreringar og registreringar i verneområde.**

Innsamla data har m.a. vorte overført til desse databasane:

<http://www.artsdatabanken.no/>

<http://www.rovbase.no/>

<https://feltdagbok.miljodirektoratet.no>

<https://naturoppdrag.miljodirektoratet.no>

<http://www.nina.no/Forskning/Fjellrev/Avlsprogrammet-for-fjellrev/Tilsynslogg>.

## **6. Skjøtselsarbeid**

### **6.1 Skilting**

Det vert rutinemessig ført tilsyn med skilting og informasjonspunkt i tilknyting til Nasjonalparken.

### **6.2 Renovasjon**

Det er frakta ut søppel frå fjellstyrehytte og det er elles samla saman mindre søppelmengder i stinettet. Det er henta ut fleire ansamlingar av søppel ulike stader på Hardangervidda. I samband med «Plastbåtprosjektet», eit samarbeidsprosjekt mellom fjellstyra og Handelens Miljøfond, er det registrert og henta ut eit høgt antal båtvrek i fleire statsallmenningar.



Båtvrek vart samla ved Tinnhøl-hytta. Foto Sten-Rune Jensen, HF

### **6.3 Skjøtselsarbeidet for fjellstyra**

For fjellstyra vart det utført transportar, renovasjonsarbeid, vedlikehald på hytter og bygningsarbeid. Det er utført internkontroll med brannverntilhøva og feiing. Arbeidet er gjort nærare greie for i vedlegg 2.

## **7. Sekretariat**

Tilsette i fjelloppsynet har utført sakshandsaming og stått for dagleg drift av fjellstyrekontor for følgjande fjellstyre:

- Rauland fjellstyre: Rune Aarhus
- Øvre Numedal fjellstyre: Sten-Rune Jensen
- Ullensvang fjellstyre: Eirik Vetrhus Dørheim/ Steinar Lund (til 31.05)
- Røldal fjellstyre: Eirik Vetrhus Dørheim/ Steinar Lund (til 31.05)
- Ulvik fjellstyre: Ole Rune Røkenes

## **8. Organisasjonen**

### **8.1 Generalforsamling**

Hardangervidda Fjelloppsyn er ein del av Fjellstyra på Hardangervidda as. Selskapet er heileigd av Eidfjord fjellstyre, Ulvik fjellstyre, Ullensvang fjellstyre, Røldal fjellstyre, Rauland fjellstyre, Øvre Numedal fjellstyre og Hardangervidda Grunneigarsamskipnad. Generalforsamling i 2024 vart arrangert 10. juni på Teams. Det har vore 5 styremøter i 2024.

### **8.2 Styre og Fjelloppsynsutval**

Styret var samansett av styreleiarane i fjellstyra på Hardangervidda samt ein representant frå Hardangervidda Grunneigarsamskipnad. Jarle Rasmussen har vore styreleiar og Lars Kristian Eidnes nestleiar. Øvrige styremedlem har vore Vebjørn Håvardsrud, Tor Helge Haara Tjemsland, Tor Åge Dale, Atle Ulgenes og Hans Myklatun. Sekretærarbeidet er utført av Sten-Rune Jensen.

### **8.3 Tilsette**

Det har vore 5 fast tilsette medarbeidrarar og 1 midlertidig engasjement i 2024.

Tabell 4. Tilsette i 2024

<b>Tilsett / kontorstad</b>	<b>Stillingsstorleik</b>
Ole Rune Røkenes, dagleg leiar, Ulvik	100 %
Steinar Lund, Kinsarvik. <i>Til 31.05</i>	100 %
Eirik V. Dørheim, Kinsarvik. <i>Frå 01.06</i>	100 %
Sten-Rune Jensen, Rødberg	100 %
Georg Gjøstein, Ål	40 %
Rune Aarhus, Vinje	30 %
Lotte Sagerud	Engasjement 28.06-20.09.


## Vedlegg 1. Totaloversikt over utført arbeid

Oppdragsgjevar	Timeverk
Fjellstyra	4 628
Norsk institutt for vannforskning	112,5
Statens naturoppsyn	1 745
Prosjekt Villreinfjellet som verdiskapar, Eidfjord kommune	474
Eidfjord kommune	9

## Vedlegg 2. Spesifikasjon av arbeid for fjellstyra

### Arbeid for Røldal fjellstyre

Hardangervidda Fjelloppsyn har utført 435 timeverk for Røldal fjellstyre. Fjellstyret sin del av administrativ drift av fjelloppsynet utgjer 138 timer.



Figur 1. Antall timeverk som er utført for Røldal fjellstyre.

Arbeidet er utført av Eirik Vetrhus Dørheim og Steinar Lund.

### Oppsyns- og informasjonsarbeid

Det ført kontroll med jakt og fiske i statsallmenningen.

### Brannvernarbeid

Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslarar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Det er gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskriftsmessig stand og gjort registrering på kva som er tilgjengeleg av flytevestar på hyttene. Internkontrollane er skrifteleg dokumentert.

## Skjøtsel


Fjelloppsynet har utført arbeid på Ninive med steinsetting av grøfter og muring av trapp og bislag med naturstein. Det er henta ut søppel frå tre lokalitetar.



Stein-arbeid på Ninive utført av Eirik V. Dørheim. Foto: Eirik V. Dørheim, HF

## Arbeid for Ulvik fjellstyre

Hardangervidda Fjelloppsyn har utført 953,5 timeverk for Ulvik fjellstyre. Fjellstyret sin del av administrativ drift av fjelloppsynet utgjer 304,7 timer.



Figur 2. Antall timeverk som er utført for Ulvik fjellstyre.

Dagleg drift og sakshandsaming er utført av Ole Rune Røkenes.

## **Oppsyns- og informasjonsarbeid**

Det er utført oppsyn med fiske og småviltjakt i statsallmenningen med fokus på innfartsområdene ved Langavatnet, Rundavatnet, Hallingskeid og Finse. Det er utført oppsyn under villreinjakta.

## **Generelt tilsyn og brannvernarbeid**

Grunna mykje utleige gjennom året, er det helde hyppig tilsyn med Finsebu. Det er helde generelt tilsyn med alle fjellstyrehyttene.

Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslarar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Det er gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskriftsmessig stand. Det er utført feing på alle hyttene. Internkontrollane er skrifteleg dokumentert.

## **Transportar**

Det er transportert gass, ved og anna naudsynt utstyr til hyttene.

## **Renovasjon**

Det er frakta ut søppel frå hyttene.

## **Byggearbeid/vedlikehald**


I juli/august vart det bygd ny utedo i Dyrahola. Den gamle som var i dårlig stand vart teken ned og ny sett opp på same stad. Det er skifta vedovn i Memorgebu. Naustet ved Kvilinganutvatnet er beisa.



Eirik V. Dørheim i gang med byggearbeid i Dyrahola. Foto: Ole Rune Røkenes, HF

## Arbeid for Ullensvang fjellstyre

Hardangervidda Fjelloppsyn har utført 948,4 timeverk for Ullensvang fjellstyre. Fjellstyret sin del av administrativ drift av fjelloppsynet utgjer 281,8 timer.



Figur 3. Antall timeverk som er utført for Ullensvang fjellstyre.

Dagleg drift og sakshandsaming er utført av Eirik Vetrhus Dørheim og Steinar Lund.

### Oppsyns- og informasjonsarbeid m.m.

Under villreinjakta var oppsynspersonell til stades og kontrollerte jegerar i statsallmenningen.

### Generelt tilsyn og brannvernarbeid

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehytte.


Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehytte. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslarar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Det er gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskriftsmessig stand. Internkontrollane er skrifteleg dokumentert.

### Transportar

Det er transportert noko utstyr til hyttene.

## Arbeid for Øvre Numedal fjellstyre

Hardangervidda Fjelloppsyn har utført 1406,8 timeverk for Øvre Numedal fjellstyre. Fjellstyret sin del av administrativ drift av oppsynet utgjer 440,3 timer.



Figur 4. Antall timeverk som er utført for Øvre Numedal fjellstyre.

Dagleg drift og sakshandsaming er utført av Sten-Rune Jensen.

### **Oppsyns- og informasjonsarbeid**

Under villreinjakta var oppsynspersonell til stades i statsallmenningen og kontrollerte jegerar og rypejakta er fulgt opp med oppsyn etter at villreinjakta var avslutta.

### **Generelt tilsyn og brannvernarbeid**

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehytte.

Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehytte. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslarar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Det er gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskriftsmessig stand. Internkontrollane er skrifteleg dokumentert.

### **Transportar**

Det er transportert ved, gass og forbruksmateriell til hyttene.

### **Skjøtsel**

På Grønenuten er det montert nytt kjøkken i beitelaget sin del av hytta. Det er også laga ny bod med dør i yttergangen. Det er montert ny inngangsdør på Kolven og Vegarhovdlægeret.

### **Renovasjon**


I samband med plastbåtprosjektet, er det henta ut 4 båtvrek frå statsallmenningen. Det er rydda opp i fleire stader med søppel langs slepa Solheimstulen-Vegarhovd og henta ut søppel frå eit område sør for Bjornesfjorden.



Sten-Rune Jensen har montert ny inngangsdør på Kolven og Vegarhovdlægeret. Foto: HF, Sten-Rune Jensen

## Arbeid for Rauland fjellstyre

Hardangervidda Fjelloppsyn har utført 247,9 timeverk for Rauland fjellstyre. Fjellstyret sin del av administrativ drift av oppsynet utgjer 77,6 timer.



Figur 5. Antall timeverk som er utført for Rauland fjellstyre.

Dagleg drift og sakshandsaming er utført av Rune Aarhus.

## **Oppsyns- og informasjonsarbeid**


Det vart gjennomført oppsyn i statsallmenningen under villreinjakta. Det er vart også gjennomført oppsyn under rypejakta.

### **Generelt tilsyn og brannvernarbeid**

Fjelloppsynet har helde eit generelt tilsyn med fjellstyrehyttene vinter og sommar. Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslarar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Det er gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskriftsmessig stand. Internkontrollane er skrifteleg dokumentert.

## **Arbeid for Eidfjord fjellstyre**

Hardangervidda Fjelloppsyn har utført 583,5 timeverk for Eidfjord fjellstyre. Fjellstyret sin del av administrativ drift av oppsynet utgjer 183,6 timer.



Figur 6. Antall timeverk som er utført for Eidfjord fjellstyre.

### **Oppsyns- og informasjonsarbeid**

Oppsyn med fiske i Eidfjord statsallmenning har hovudsakleg føregått ved Tinnhølen og sørover mot Nordmannslågvassdraget. Under villreinjakta vart det helde oppsyn i deler av statsallmenningen sør for Rv 7. Det vart gjennomført oppsyn under rypejakta.

### **Fiskekulturarbeid**

Fjelloppsynet deltok under prøvefiske i Langavatnet saman med fjellstyret.

### **Generelt tilsyn og brannvernarbeid**

Fjelloppsynet har helde generelt tilsyn med fjellstyrehyttene og gjennomført noko vinterklargjering av desse. Det er gjennomført internkontroll av brannverntilhøva på fjellstyrehyttene. Herunder er det ført tilsyn med brannvarslarar, eldstader, gasskokeapparat og skilting. Det er utført feiling på alle hytter. Det er gjennomført kontroll med at brannsløkkingsapparata er i forskriftsmessig stand. Internkontrollane er skrifteleg dokumentert.

## **Renovasjon**

I samband med plastbåtprosjektet, har fjelloppsynet henta ut til saman 16 båtvrek frå statsallmenningen. Båtane vart klargjort for uttransport og merka med posisjon året før.

## **Transportar m.m.**

Det er transportert ved, og noko anna forbruksmateriell til hyttene. Søppel er transportert ut av fjellet.

## **Skjøtsel og vedlikehald**

Fjelloppsynet har beisa hytta i Langvasshallet og hytta Gamla Sandhaug. I samband med eit større oppgraderingsarbeid på Tinnhøl-hytta, har fjelloppsynet skifta vindauge, montert ny inngangsdør, lagt nytt golv, og lydisolert innvendige veggar til oppsynsdelen. Det er også utført ein god del innvendig beisearbeid.



Georg Gjøstein har jobba med oppgradering av Tinnhøl-hytta. Foto: Eirik V. Dørheim, HF

### **Vedlegg 3. Spesifikasjon av arbeid for Statens naturoppsyn**

<b>Tema</b>	<b>Timeverk</b>
Motorferdselkontrollar - sommar og vinter	269,5
Bygg/tiltak/kontroll i verneområde	68,5
Fjellrevarbeid	564
Rovviltkontaktarbeid	92
Oppsyn under villreinjakta	751
<b>SUM</b>	<b>1745</b>

Timeverka inkluderer tida til kontorarbeid. Arbeidet er rapportert i eigne databasar jfr pkt 5.8.mm.